



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	30.10.2023	23/121

## **Prinsippavklaring mellom Kommunedelplan for Sysendalen og reguleringsplanar vedteke mellom 2016-2019**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ved strid mellom Kommunedelplanen for Sysendalen og reguleringsplanar i Sysendalen vedteke i perioden 2016-2019 vil reguleringsplanen gå forran kommunedelplanen.

Dersom kommunedelplanen tek opp elementer i føresegnene som reguleringsplanen ikkje har teke stilling til, vil kommunedelplanen vera gjeldande styringsdokument.

### **30.10.2023 - Eidfjord formannskap**

#### **Handsaming:**

Orientering om bakgrunn for saka v/ Anne Kommedal (rådgjevar plan).

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke.

### **FSK - 23/121 - Vedtak:**

Ved strid mellom Kommunedelplanen for Sysendalen og reguleringsplanar i Sysendalen vedteke i perioden 2016-2019 vil reguleringsplanen gå forran kommunedelplanen.

Dersom kommunedelplanen tek opp elementer i føresegnene som reguleringsplanen ikkje har teke stilling til, vil kommunedelplanen vera gjeldande styringsdokument.

### **Vedtak skal sendast til:**


Offentleggjerast på kommunen sine heimesider

### **Endeleg avgjerd i:**

Formannskapet

### Saka gjeld:

Planhierarkiet i kommunen er bygd opp av kommuneplanar, kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar. Kommuneplanar gjer dei overordna føringane for arealbruken i kommunen, medan for kvart nivå nedover planhierarkiet ein kjem, vert planverket meir detaljert for eit meir avgrensa område.



Figur 1: Illustrasjon av planhierarkiet i kommunen.

Kommunane kan nytta revisjon av kommuneplanen sin arealdel eller kommunedelplan til å overstyra gjeldande reguleringsplanar, utan å samtidig endra planar eller utarbeida nye reguleringsplanar.

I gjeldande sak vil me forhalda oss til kommunedelplan og reguleringsplan.

#### Tidslina for Kommunedelplan for Sysendalen

Oppstartsvarsel for Kommunedelplan for Sysendalen vart sendt ut i april 2014.

Fyrstegongs handsaminga av planen var allereie i desember 2015.

Kommunedelplanforslaget fekk motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland (no Statsforvaltaren i Vestland) og Statens vegvesen, og vert i juli 2016 oversendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd jf. pbl. §11-16.

Gjennom kommande år er det gjennomført fleire prosessar med Fylkesmannen, Statens vegvesen og Departementet for å handtera motsegna.

Den 9. april 2019 mottar partane i saka endeleg vedtak frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med stadfesting av Kommunedelplan for Sysendalen.

#### Detaljregulering Midtbø

Under utarbeidinga av Kommunedelplan for Sysendalen var det fleire pågåande planprosessar på reguleringsplannivå i Sysendalen. I perioden kor motsegna frå Fylkesmannen og Statens vegvesen vart handsama hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet ser det ikkje ut til at plankartet er oppdatert med vedtak av nye reguleringsplanar.

Reguleringsplan Detaljregulering Midtbø (planID: 2013005) er eit døme på ulikskapar mellom reguleringsplan og kommunedelplan, sjå figur 2 og 3. Reguleringsplanen vart utforma samstundes som kommunedelplanen, og er

vedteken 21.06.2016, som vil sei før vedtak av Kommunedelplan for Sysendalen. Kommunedelplanen i figur 3 syner dog ei anna regulering, som samsvarar godt med førre plankart for området gjennom reguleringsplan Midtbø (planID: 2005001) synt i figur 4. Ulikskapen mellom arealføremål i kommunedelplan og reguleringsplan syner at nye vedtekne planer under perioden med motsegnshandsaming ikkje har vorte oppdatert i kartet. Motsegnperioden er rekna frå høyringa i slutten av 2015 til endeleg vedtak frå Departementet i 2019.

<p><b>Figur 2</b> Kartutsnitt frå gjeldande reguleringsplan Detaljregulering Midtbø (planID: 2013005). Vedtaksdato: 21.06.16</p>	<p><b>Figur 3</b> Kartutsnitt frå gjeldande Kommunedelplan for Sysendalen (planID: 2014002). Stadfestingsdato: 09.04.19</p>	<p><b>Figur 4</b> Plankart frå førre reguleringsplan Midtbø (planID: 2005001).</p>

Følgjande planar er vedtekne i Sysendalen mellom år 2016-2019:

- Områdeplan Stakseng, planID: 2014003, ikraftdato: 26.02.2016
- Detaljregulering for Midtbø, planID: 2013005, ikraftdato: 21.06.2016

Ovannemnde reguleringsplanar skal etter prinsippvedtaket gå forran Kommunedelplan for Sysendalen ved strid.

Dersom det i føresegnsdokumentet til Kommunedelplan for Sysendalen vert omtala elementer som det ikkje er teke stilling til i reguleringsplanen, vil kommunedelplanen vera gjeldande styringsdokument.

Reguleringsplan Tvennli, planID: 2015001, (ikraftdato: 11.05.2016) er også vedteken i perioden 2016-2019. Denne er dog i Kommunedelplan for Sysendalen lagt under omsynssona H910 Reguleringsplan skal fortsatt gjelda. Denne har gjennom Kommunedelplan fått juridisk verknad på områda der kommedelplan og reguleringsplan er i strid.

**Vurdering:**

Kommuneplanhierarkiet er tydeleg på at dersom det er strid mellom planar går kommuneplan forran som styringsdokument, her kommunedelplan. Dog vil det vera mindre hensiktsmessig å la kommunedelplanen overstyra i gjeldande sak.

Rådmannen har på bakgrunn av saksframlegget vurdert at ved strid i arealføremål mellom kommunedelplan for Sysendalen og vedtekne reguleringsplanar i Sysendalen mellom år 2016-2019, vil reguleringsplan gå forran.

Dersom det i føresegningsdokumentet til Kommunedelplan for Sysendalen vert omtala elementer som det ikkje er teke stilling til i reguleringsplanen, vil kommunedelplanen vera gjeldande styringsdokument.

Magnus Steigedal  
rådmann

Kommedal, Anne  
sakshandsamar

Rett utskrift: